

## Ukebrev nr.2 - uke 28 - 9.juli 2007



<http://d2290news.rotary.no/index.php?mod=one&id=15955>



Skriv ut siden

Kos dykk i ferien.

No skal vi praktisere ROTARY SHARES i familien og blandt venner!  
Og kanskje møter du ein potensiell ny rotarianar i ferien?



# Guvernørens Ukebrev

Distrikt 2290



Guvernør Laila Lerum

Kjære presidentar og medlemmar av Distriktsorganisasjonen!

Det er ferietid i Norge og då er ikkje aktiviteten i klubbane på det høgste. Mange klubbar har fellesmøte og enkelte kuttar ut nokre møter i juli.

Her kjem likevel vekebrev nr. 2, sendt frå hytta på Telemarkskysten. Dei fleste av oss har no ferie og det gjeld å lade batteria til haustens tette program på jobb og i rotary! No skal vi praktisere ROTARY SHARES i familien og blant venner!!!

Her er nokre påminningar:

Nominasjon av DGN for 2010-2011.

Eg ber klubbane foreslå kandidatar, og frist for innsendinga er 15. september 2007 til nominasjonskomiteens formann, Svein Aanestad, e-mail; [svein.aanestad@c2i.net](mailto:svein.aanestad@c2i.net). Kjem attende med meir info seinare.

Frammøtestatistikken for juni hastar; Til dei klubbane som ikkje har sendt den inn, send den snarast til Distriktssekretæren for 2006/2007. Ver spesielt merksam på at antall medlemmar pr 30.6. er korrekt.

Dette talet vil vera grunnlag for statistikkar, innbetalingar og andre inngangstal i 2007/2008.

Klubbens mål og planar; Dei aller fleste har sendt den inn. Nokre få vantar. Takk for godt arbeid med planen som skal danne utgangspunkt for arbeidet i klubben komande år og for samtalen

med styret på guvernørbesøket.

**Men fram for alt; KOS DYKK I FERIEEN og lad opp til haustens rotarysamarbeid under mottoet ROTARY SHARES!**

**Beste helsing DG Laila**

-

---

Copyright © 2004 Webcomputing, All rights reserved